



Frå sjøsetjinga fredag.

(Oppdatert): Fredag føremiddag var det ei ny sjøsetjing ved Eidsvik sitt anlegg på Steinsletto. Det var ein vanleg arbeidsbåt av katamarantypen for bruk på oppdrettsanlegg som vart sjøsett. Båten er 15 x 8 m, og er i ein serie på tre like båtar til same firma. Dei to andre båtene vert bygt ved Fitjar Mekaniske Verksted sitt annlegg på Fitjar.

Katamaranen som vart sjøsett i dag, er litt mindre enn dei to førre oppdrettsbåtane som har vorte bygt ved Eidsvik sitt anlegg. Det var Eide Lift som løfta båten på sjøen, og båten skal no slepast til Fitjar for vidare utrustning.

Prosjektlear ved FMV fortel at dei no er i gang med ein oppdrettsbåt på 15 x 10 m i hallen hos Eidsvik. Dei skal også starta på ein som er 15 x 12 m. Begge båtene er av katamarantypen.



Slepet på veg inn mot FMV sitt anlegg på Fitjar.



Båten vert no utrusta og klargjort for overlevering ved anlegget på Fitjar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Steinsletten/ Janne Gloppen Hjørnevåg